

# Referat frå årsmøtet i Jøsneset Ungdomslag

Laurdag 23. mars 2013

Møtet vart avhalde i Trivselsstova.

Oppmøte: 9 stk.

## 1. Val av møteiar

Lise Tjeltveit vart valt til å leie møtet.

## 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## 3. Årsmelding 2012

Lise la fram årsmeldinga frå i fjor.

## 4. Rekneskap 2012

Jon Brandal, kasserar, la fram rekneskapet frå i fjor.

## 5. Val – valnemnda legg fram forslag

Anne Hjorteland, representant frå valnemnda, la fram valnemnda sine forslag.

Torstein Rødde, Joar Rosså og Lise Tjeltveit gjekk ut av styret. Sigbjørn Nesvik og Roald Jensen går av som varamenn.

Det nye styret består av:

Jon Brandal

Dag Rosså

Lene Kaldheim (ny)

Sondre Fosså (ny)

Frode Tjeltveit (ny)



Nye varamenn er Ian Bouzane og Joar Rosså.

Styret konstituerer seg på 1. styremøte.

Referent: Lise Tjeltveit

## **6. Aktivitetsplan for 2013 – aktiviteter og arrangement i inneverande år**

I planane som ligg for det kommande året ligg påskefesten som kjem allereie 30. mars, og seinare på våren kjem den årlege Hardhausen.

Det kom også inn fleire gode forslag frå dei oppmøtte:

Fotturar i nærområdet eller buss-/båtturar til ulike arrangement på Sand/Stavanger, unge som tek med eldre på kino, quiz-kveldar, aktivitetsdag, sommarfest og innkjøp av bordtennisbord til å ha på skulen.

## **7. Anna:**

Svanhild Gbada orienterte dei frammøtte litt angående bygda si nettside, kven som har tilgang til å skrive på sida og korleis den vert finansiert. Styret vil seinare diskutere drifta av sida saman med dei andre laga i bygda.